



Styre: Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet

Styresak: 59/17

Møtedato: 24.10.2017

Dato: 19.10.2017

Arkivsaksnr: 2017/5973-

INGEN

Utdeling av Formidlingsprisen ved Det humanistiske fakultet 2017

Dokument i saka:

- Nominasjon av Sæbjørg Walaker Nordeide
- Nominasjon av Ivar Utne
- Nominasjon av ReligionsOraklene [1]
- Nominasjon av ReligionsOraklene [2]
 - Oversikt publikasjoner ReligionsOraklene

Om prisen

Formidlingsprisen skal gå til ein eller fleire personar som har gjort ein ekstraordinær innsats for å formidle resultat av forskings- og utviklingsarbeid av høg kvalitet og kva tyding dette har for samfunnet.

Alle former for formidling vil kunne verte vurdert (som til dømes debatt- og konferanseinnlegg, kronikkar, bøker, foredrag, samtalar, utstillingar, radio- og tv-program, konsertar, film, cd, heimesider og bruk av sosiale medium).

Vurderingskriterium:

- Kvalitet på formidlinga
- Allsidig bruk av kommunikasjonskanalar og uttrykksformer
- Kreativitet
- Formidlingspotensial ovanfor ulike målgrupper
- Respons frå brukarar

Nominerte

Det har kome fire nominasjonar til Formidlingsprisen, der ein kandidat er nominert to gongar:

- **Sæbjørg Walaker Nordeide, professor i arkeologi**
Nominert av student Anja H. Svingen
- **Ivar Utne, førsteamanuensis i nordisk språkvitskap, LLE**
Nominert av: Gunnstein Akselberg, Thorsteinn Indridason, Torodd Kinn, Gjert Kristoffersen, Johan Myking, Helge Sandøy, alle ved LLE.

- **ReligionsOraklene**
Nominert av Leidulf Melve, forskingskoordinator ved AHKR
- **ReligionsOraklene**
Nominert av AHKR, ved instituttleiar Jan Heiret

Det er tre gode kandidatar som er nominert til årets formidlingspris.

Sæbjørg Walaker Nordeide er nominert på bakgrunn av hennar innsats på arkeologistudiet og hennar metodar for å formidle forskings- og utviklingsarbeid i fagmiljøet, då særleg som fagleg ansvarleg og formidlar på emnet ARK302 «Landskap, kulturminne, forvaltning». Tiltaka ho har gjort for å engasjere studentane har blitt lagt godt merke til.

Ivar Utne er nominert for sin lange, store og breie formidlingspraksis og -erfaring. Han er den fremste personnamngranskaren i aktiv teneste i landet og har opparbeidd seg eit namn og ein status som nasjonal personnamneksperit. I fleire tiår har han formidla kunnskap og innsikt innanfor fagfeltet. Han har vore synleg i mest alle mediekkanalar i landet, han held ofte kåseri og foredrag om personnamn, han har skrive bøker og artiklar og er òg ein ettertrakta rådgjevar og namneksulent i ulike samanhengar.

ReligionsOraklene er nominert for å drive innovativ, kreativ formidling frå ein digital plattform. Religionsforskarar har gått saman om å skape nye kommunikasjonskanalar og eit tettare samarbeid mellom UiB og skulen. Dei skriv tekstar om ulike tema på nettsida og supplerer med videosnuttar, visuelle element, litteraturtips og refleksjonsspørsmål. For lærarar gjer dette det enkelt å bruke sidene som ressurs i undervisinga. Store delar av fagmiljøet har bidrege, frå stipendiatar til emeriti.

Dekanatet har vurdert dei innkomne nominasjonane ut frå kriteria for formidlingsprisen og foreslår å dele ut årets formidlingspris til Ivar Utne. Bakgrunnen for tildelinga er hans eksepsjonelle innsats gjennom mange år som formidlar knytt til personnamn og personnamnbruk, eit fagfelt som interesserer mange, men som få forskar på. Utne er den media vender seg til, og han er ein type forskar som alltid seier ja til å bidra med kunnskap, om det er media, departement eller folkeregister som spør. Både kanalar og målgrupper for formidlinga hans er mange, og den populærvitskapelege produksjonen hans er stor. Utne har ei heilt spesiell innsikt i emnet og evnar til å framstille tungt fagstoff på ein lett tilgjengeleg måte, til glede for veldig mange.

Forslag til vedtak:

Fakultetsstyret tildeler formidlingsprisen 2017 til Ivar Utne.

Jørgen Magnus Sejersted
dekan

Kim Ove Hommen
fakultetsdirektør

Nominasjon til Formidlingsprisen 2017

Eg vil med dette nominere Sæbjørg Wallaker Nordeide til Formidlingsprisen 2017. Det fordi Sæbjørg har gjort ein fantastisk innsats som formidlar på Arkeologistudiet ved Universitetet i Bergen. Ho har nytta ulike, ekstraordinære, metodar for å formidle forskings- og utviklingsarbeid i fagmiljøet, og har skapa stor interesse for vidare fokus på liknande arbeid av høg kvalitet blant studentar.

Dette gjeld særleg som fagleg ansvarleg og formidlar i faget Ark 302 "Landskap, kulturminne, forvaltning". Her organiserte ho mellom anna faglege ekskursjonar til Fana og Stend, og inviterte med representant i frå fylkeskommunen, så me kunne høyre og forstå korleis landskapet, kulturminna og forvaltninga i naturen kan forstås i arkeologisk perspektiv utover det me elles les i pensum, samt korleis arkeologar opererer i ulike organ. Ei tilnærming me elles ikkje har fått, eller ville fått på bachelor- eller masternivå.

I tillegg til dette har ho også gjort andre tiltak for å engasjere oss studentar. Det mest originale må vere kaka ho baka og hadde med seg til undervisning om Harris Matrix, ei verdenskjent metode for arkeologisk, stratigrafisk dokumentering.

Det er ofte slik at ein ikkje kjem på å ta fram kameraet når det skjer flotte, minneverdige ting, men heldigvis har somme studentar likevel klart å dokumentere det eg har skrive om oppom. Bileta ligg vedlagt og dokumenterar studentar som er særst nøgd med arbeidet til Sæbjørg, og som gjerne vil heidre ho - og gjeve ho mogleik for å halde fram det gode arbeidet!

Med vennleg helsing i frå
Anja H. Svingen



Nominasjon til formidlingsprisen 2017, HF UiB

Forslag til kandidat:

Ivar Utne, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE)

Underskrivarane tilhøyrrer fagområdet nordisk språkvitskap, og foreslår med dette førsteamanuensis Ivar Utne (f. 1954) ved Institutt for lingvistikk, litteratur og estetiske studium (LLE), HF-fakultetet, Universitetet i Bergen (UiB), som kandidat til HF-fakultetets formidlingspris 2017.

Ivar Utne er den fremste personnamngranskaren i landet i aktiv teneste og ein av dei vitskapleg tilsette ved HF-fakultetet, UiB, som har lengst, størst og breiast formidlingspraksis og formidlingserfaring. Formidlinga hans er i all hovudsak knytt til personnamn og personnamnbruk, både førenamn og etternamn. Innom dette feltet har han i mange tiår formidla kunnskap og innsikt om personnamneval, personnamnormering, personnamnhistorie, personnamnsemantikk, personnamnpolitikk, personnamnepraksis, personnamn og identitet, personnamn og kultur, personnamnmotar, personnamnstatistikk, personnamnendring, personnamnlovgeving, komparative personnamntilhøve, import av personnamn, transkribering av utanlandske namn i norsk namneregister, norvagisering av personnamn, utanlandske personnamn og praktisk-juridisk personnamnhandsaming. Utne vert svært ofte nytta som kommentator i tilknytning til personnamn og personnamn-saker i aviser, vekeblad og radio – og einskildgonger også som kommentator til personnamn og personnamnsaker i fjernsynsinnslag. Dessutan held han ofte kåseri og foredrag om personnamn i ulike fora på lokalt og nasjonalt plan. Retriever-tenesta som fakultetet abonnerer på, gjev mange vitnemål om det.

Det er i røynda berre to forskarar som har "klyppekort" som namnekommentatorar i aviser og andre medium her i landet: seniorrådgjevar Jørgen Ouren i Statistisk sentralbyrå og førsteamanuensis Ivar Utne ved LLE. Ein kunne nesten seia at desse to deler det faglege domenet mellom seg.

Når det gjeld media, har Utne etter kvart opparbeidd seg både eit namn og ein status som nasjonal personnamnekspert. Det er Utne media vender seg til når dei vil ha kunnskap og fagleg grunngjevne vurderingar i personnamnspørsmål. Ikkje minst har dette vist seg kvar gong det har komme utvidingar i (den utvida) kongefamilien: Då er det Ivar Utne både TV2 og NRK har vendt seg til både for å få etymologiar og namnetrendar på plass. Eit nyare bidrag i så måte er frå 2015 og handlar om namnetrendar, men gjev samstundes ei god presentasjon av Utne sine aktiviteter: " Dette skal barnet hete i 2015" (<http://www.nrk.no/buskerud/dette-skal-barnet-hete-i-2015-1.12126292>).

Søkjer ein Google, vil ein finna at Ivar er synleg på mest alle mediekanalane i landet. Eit søk frå august 2015 handlar om to nyfødde elgkalvar på Langedrag ("Nesten 1.000 elgeville navneforslag har kommet inn"). Det viser at Utne ikkje er den som tek seg sjølv særleg høgtideleg (<http://www.tv2.no/a/7054179>). Liknande oppslag og stor treffmengd vil ein finna om ein søkjer på store mediebedrifter som Aftenposten, VG og Dagbladet.

Utne har ofte delteke i radioprogramma *Språkteigen* (NRK P2) og *Norgesglasset* (NRK P1), særleg i perioden 1995–2005, men òg fleire gonger seinare. Gøril Grov SørDAL var programleiar for serien *Nomino* på NRK1 som har teke for seg namngjeving frå mange ulike synsvinklar. SørDAL seier dette om Ivar:

"Serien hadde ikkje blitt til utan Ivar Utne, som har fungert som støttespelar og konsulent i heile prosessen. Han viser ikkje att sjølv før i episode 7 og 8, men derimot i rulletekstane heile vegen, så innsatsen hans har vore heilt uvurderleg. Han kan alt mogeleg, og det er aldri nei i hans munn. Det er litt synd at han ofte kjem litt i bakgrunnen når innsatsen hans er så avgjerande."

Linda Eide samarbeidde med Ivar frå 1990-talet i ymse samanhengar, men i perioden mellom ca. 1999 og 2007 var samarbeidet konsentrert om programmet Norgesglasset. Dette sikra sending både på riksnettet og lokalt. Eide seier at dei laga innslag om dei aller fleste sidene av namn, slik som kjælenamn på menneske og dyr, namn frå framandlandske kulturar, amerikansk behandling av fornamn av typen William til Bill (Clinton) og ikkje minst etymologi. Eide legg sterk vekt på at Ivar alltid tok alle typar namn seriøst og unngjekk all form for nedrakking eller låtteleggjering. Ho framhevar òg at han var svært medviten om publikum og formidlingssituasjon, slik at han alltid prøvd å framstilla emnet så enkelt og folkeleg som mogeleg.

Utne har dessutan delteke i fagleg-pedagogiske dag ved UiB frå rundt 2000 og også fleire gonger på Forskingsdagane i Bergen. Utne var såleis konsulent for elevane på Bruvik skule som i 2011 fekk NFR Nysgjerrigper sin språkpris (https://nysgjerrigper.no/Artikler/2011/desember/spraakprisen_-_ny_pris_i_aarets_nysgjerrigper).

Utne kan framstilla tungt fagstoff på ein lett tilgjengeleg måte av di han sit inne med svært mykje kunnskap og har ei heilt spesiell innsikt i emnet som han skriv om – personnamn. Han har elles mange års røynsle som førelesar, rettleiar og formidlar innanfor dette fagfeltet, både for studentar på ulike nivå og for allment interesserte. Utne har dessutan mykje røynsle med og kunnskap om lovgjeving og lovpraksis når det gjeld personnamn.

Utne har særleg vore oppteken av korleis det norske namneregisteret har blitt endra slik at utanlandske namn lettare kan innpassast, og han viser gjennom formidlinga si korleis ikkje-vestlege namn har utfordra tradisjonelle måtar å føra inn namn på, og korleis innpassing har skjedd. Han tar primært opp eksempel frå dei store innvandrankulturane. Sentralt i framstillinga er stavemåtar, namnekategoriar og tilhøvet mellom førenamn, etternamn og mellomnamn. Dette er eit felt Utne beherskar svært godt. Han har sjølv teke del i arbeidet med namneregistrering i det norske folkeregisteret. Desse utfordringane og løysingane på dei presenterer han klart og tydeleg med stor innsikt i formidlingsarbeida sine.

Personnamngransking er Utne sin spesialkompetanse og det er her han har sin faglege spisskompetanse. Han har norsk spesialkompetanse innom fagfeltet utanlandske personnamn, hovudsakleg knytt til innvandarnamn etter den andre verdskrigen. Denne spesialkompetansen har han skaffa seg gjennom eiga forskning, og han er difor ettertrakta som namnekonsulent i departement og offentleg sektor, såvel som i media. Dessutan har Utne vore fagkonsulent for folkeregistra rundt om i landet i namnespørsmål og namnesaker.

Utne var medlem av arbeidsgruppa som førebudde namnelova som vart sett i verk frå 1. januar 2003, eit arbeidet som førte fram til *NOU 2001:1 Lov om personnavn. Tradisjon, liberalisering og forenkling*.

I samband med innføringa av den noverande namnelova har Utne halde større kurssamlingar for folkeregistra i Midt-Noreg og sørover. I åra 2003 og 2007 hadde han

avtale med Justisdepartementet om å støtta handsaming av namnesaker hjå fylkesmennene og folkeregistra. I åra frå 2003 til 2008 gav han t.d. råd for ca. 450 saker pr. år for Justisdepartementet.

Men det er ikkje berre gjennom media, komitéarbeid og praktisk rettleiing i personnamnsaker at Utne er ein sær sars dugande formidlar av fagleg stoff. Også gjennom mange vitskaplege og populærvitskaplege arbeid når Utne ut til ein stor lesarkrins. Mange av dei skriftlege arbeida til Utne dokumenterer solid populærvitskapleg produksjon.

Eit sentralt formidlingsarbeid her er boka *Hva er et navn? Tradisjoner, navnemoter, valg av fornavn og etternavn* (Pax forlag, Oslo 2011. 222 sider). Denne boka er ei populærvitskapleg framstilling om personnamn. Forfattaren har eigne kapittel om førenamn, etternavn og mellomnamn, dessutan om kallenamn og kjælenamn. Han skriv om namn og identitet, lokale namneskikkar, namnemotar, namneskifte, lovverk som gjeld namn, og mykje meir. Boka gjev ikkje berre omfattande omtale av førenamna, her er òg eigne kapittel og brei omtale av andre viktige typar av personnamn, bl.a. mellomnamn, etternavn og kallenamn. Han gjer fagstoff tilgjengeleg for ei brei lesargruppe ved ein folkeleg og lettfatteleg skrive- og framstillingsmåte, bl.a. ved slåande uttrykksmåtar, som kapitteloverskrifter, og pedagogiske forklaringsmåtar. Uttrykksmåten er munnleg, og forfattaren vender seg fleire gonger til lesaren.

Andre døme på slike skriftlege formidlingsarbeid er «Praktisering av personnamnlova. Slektsnamn og mellomnamn» (*Namn og Nemne* 16, 1999), «Utviklinga av slektsnamn i Norge, med særleg vekt på sen-navn» (*Genealogen* 2/2001), «Gifte kvinners etternavn, slektsnavn og mellomnavn» (*Genealogen* 2/2002), «Arabiske namn i Norge» (*Namn og Nemne* 20, 2002), «Etternavn danna av navn på gårdsbruk – sett i et navnebeskyttelsesperspektiv» (*Namn og Nemne* 21/22. 2003/2004), «Innpassing av nye navnekulturer i det norske folkeregisteret» (*Namn og Nemne* 23, 2005), «Oversikt over norsk fornavnshistorie». Nordisk institutt (Universitetet i Bergen, 2006), «Ukrainsk etternavnsskikk» (*Namn og Nemne* 24 2006) og «Gamle språkformer i etternavn med opphav i norske gårdsnavn» (*Genealogen* 2/2008).

Det er vanskeleg å rekna opp alle dei ulike formidlingssituasjonane som Utne har vore i, og ikkje minst er det uråd å rekna opp talet på alle dei gongene Utne har formidla kunnskap om personnamn til ålmenta, til fagleg interesserte og til tilsette ved dei offentlege kontora som forvaltar og praktiserer norsk personnamnpolitikk på lokalt og sentralt hald. Her har vi berre kunna gje ein skilde døme på Utne sitt omfattande formidlingsarbeid.

Vi meiner Utne er vel kvalifisert som kandidat til HF UiB sin formidlingspris for 2017.

Bergen 1. september 2017

Forslagsstillarar, alle (sign.):

Gunnstein Akselberg, Þorsteinn Indridason, Torodd Kinn, Gjert Kristoffersen, Johan Myking, Helge Sandøy

Kontaktperson:

Johan Myking

Institutt for lingvistik, litteratur og estetiske studium

Johan.Myking@lle.uib.no



Bergen 1. september 2017

Til HF-fakultetet

Nominasjon av «ReligionsOraklene» til fakultetets formidlingspris

“ReligionsOraklene er en gruppe religionsforskere fra Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap ved Universitetet i Bergen. Her svarer vi på spørsmål om religion og religiøsitet — spørsmål som du kanskje ikke engang visste at du lurte på. Før nå.”

<http://religionsoraklene.no/>

Religionsoraklene er en gruppe religionsforskere ved instituttet som svarer på spørsmål om religion og religiøsitet. Intensjonen bak tiltaket er å

- drive innovativ, kreativ formidling fra en digital plattform
- nå bredt ut
- profilere faget
- rekruttere studenter
- synliggjøre den faglige kompetansen til ansatte på faget
- styrke samarbeidet mellom UiB/HF/fag og skole

Orakelsvarene formidles på nettside og spres ellers via ulike digitale og tradisjonelle medier, bla. nettsiden selv, twitter, wikipedia (lenker til orakelsvar på aktuelle oppslagsord), instagram, facebook (via AHKR's facebookside), forskning.no, bokmerker, skolebesøk, møte med studenter, lærere og andre. I tillegg til tekst, video og andre visuelle elementer inneholder orakelsvarene litteraturtips og ikke minst refleksjonsspørsmål. Disse er spesielt laget med tanke på at lærere kan bruke sidene som ressurser i undervisningen på videregående skole og på ungdomstrinnet. Noe av hovedtanken bak formidlingsprosjektet er nettopp å bidra til å skape nye kommunikasjonskanaler og tettere samarbeid mellom UiB og skolene, en viktig satsing for HF.

Til nå har religionsoraklene.no publisert 21 orakelsvar og ett orakelspesial. 20 religionsvitere har så langt bidratt med tekster, refleksjonsspørsmål og videoinnslag. Det har blitt publisert orakelsvar fra forskere på forskjellige stadier i karrierestigen, fra stipendiater til emeriti.

Orakelgruppen fungerer som et redaksjonsråd, som møtes omtrent en gang i måneden for å gå igjennom og drive prosessen frem mot publisering av orakelsvar på nettsiden.

Kjernen i orakelgruppen består av Ingvild Gilhus, Marie von der Lippe, Jane Skjoldli, Michael Stausberg og Sissel Undheim, samt stipendiat i historie, Magnus Halsnes, som er ansvarlig for film og teknisk/estetisk utforming. Knut Melvær var også en sentral aktør og bidragsyter, særlig i oppstarten og den første tiden prosjektet ble drevet.

Prosjektet sprang opprinnelig ut av forberedelsene til fagmiljøets presentasjon på forskningstorget under Forskningsdagene 2014, en stand som var et resultat av tett samarbeid med Fagutvalget for religionsvitenskap. Det første orakelet på religionsoraklene.no ble således lansert under forskningsdagens forskningstorg 2014.

Nettsiden gjør at det er mulig å få frem bredden i faget gjennom den spisskompetansen som finnes både i faggruppen på AHKR og blant norske og skandinaviske kolleger. Målgruppen har vært lærere, elever, media og ellers generelt interesserte.

Statistikken viser at de mest sette oraklene har over 2000 individuelle treff. Samtidig må det understrekes at dette er ressursbase uten de tidsbegrensingene andre formidlingsplattformer kan ha, og orakelsvarene kan stadig plukkes opp av nye lesere/mottakere. Antall treff på enkeltsider vil derfor sannsynligvis bare stige og stige.

AHKR vil med dette nominere ReligionsOraklene til fakultetets formidlingspris.

Vennlig hilsen

Jan Heiret
Instituttleder

Vedlegg: Oversikt over orakelsvarene pr august 2017

From: [Leidulf Melve](mailto:Leidulf.Melve)
To: post@hf.uib.no
Subject: [POST@hf.uib.no] Formidlingspris
Date: 5. september 2017 15:02:37

Eg tillet meg å fremje "Religionsoraklene" som kandidatar til formidlingsprisen ved Det humanistiske fakultet.

Religionsoraklene er ei gruppe religionsforskarar frå AHKR som, i kraft av å drive nettstaden religionsoraklene.no, svarer på spørsmål om religion og religiøsitet. I følge dei sjølv svarar dei på spørsmål om religion og religiøsitet - "spørsmål som du kanskje ikkje engang visste at du lurte på. Før nå."

Dette er ei presis skildring av formidlingsprosjektet; det som møter oss på første sida er korte, men forskingsbaserte svar på spørsmåla "Når oppstod religion?", "Kva er en helgen?", "Ble kristne forfulgt i Romerriket?", "Hvorfor feirer vi Lucia 13. desember?" og "Kva er et kryptogram?". Klikkar ein seg vidare inn på postane vil ein ikkje berre få velformulerte svar, men også det "religionsoraklene" har valgt å kalle "refleksjonsspørsmål". På denne måten prøver "oraklene" å innlemma lesarane i dialog, samstundes som slike spørsmål naturleg nok også medverkar til å fremje interessa kring religion og religiøsitet. Det forskingsbaserte innslaget i formidlinga er tydeleg i dei konsise og godt underbygde svara, men også i "Litteraturtips" - som følger med kvar post.

Kanskje viktigaste i eit formidlingsperspektiv: i tillegg til teksten, inneheld alle postane kortare vimeo-presentasjonar (kring 5 minutt) av forskarar, i all hovudsak innanfor religionsvitenskap.

I skrivande stund tel religionsoraklene.no nær tretti postar: eit slikt storstilt prosjekt innan forskingsformidling fortener utvilsamt noko meir enn ein klapp på skuldrene, og burde vere ein openbar kandidat til formidlingsprisen.

Mbh,

Leidulf Melve (forslingskoordinator og på vegne av AHKR).

(Beklager at eg ikkje har gått over fristen; vonar likevel at forslaget blir handsama).

Oversikt over publiserte orakelsvar pr. aug.2017

Einar Thomassen:	Hva er et orakel?
Jane Skjoldli og Knut Melvær:	Hva er (en) religion?
Michael Stausberg:	Bidrar religion til lykke?
Dag Øistein Endsjø:	Is Christmas a religious holiday without Jesus?
Ingvild Gilhus og Margrethe Løøv:	Hva er nytt med nyreligiøsitet?
Marie von der Lippe og Sissel Undheim:	Hvordan underviser man om religion?
Mona Helen Farstad:	Hva sier Koranen om voldsbruk og krigføring?
Pål Steiner:	Hvorfor bygde egypterne pyramider?
Michael Hertzberg:	Hvordan bidrar buddhistiske munkar til vold?
Stefan Olsson:	Ofret de mennesker i vikingtiden?
Knut Axel Jacobsen:	Hvordan ble yoga moderne?
Marianne Bøe:	Hva er feminisme i islam?
Ingvild Gilhus:	Hva er engler?
Knut Aukland:	Påvirkes pilegrimsferd av turismen?
Lisbeth Mikaelsson:	Må ekte religion være gratis?
Einar Thomassen:	Hva er en gud?
Alexandros Tsakos:	Hva er et kryptogram?
Sissel Undheim:	Hvorfor feirer vi Lucia 13. desember?
Birgit van der Lans:	Ble kristne forfulgt i Romerriket?
Jane Skjoldli og Sissel Undheim:	Hva er en helgen?
Håkon Tandberg:	Når oppstod religion?
Orakelspesial:	
Michael Rothstein:	Religionshistorie(n) på fem minutter
Kommende:	
Richard Natvig:	Kvifor lagar muslimar bilete av Muhammad?
Håkon Teigen:	Hvordan ble en syrisk profet til Buddha i Kina?
Mona Farstad:	Hva er islamsk pop?